

HYRDINGEN

NR. I

Februar 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Eldsjel frå Vats:

Aslaug Vårvik

Sjå side 13



**Konfirmantar
samlar inn til
Kirkens Nødhjelp**
Les meir side 10



*«Så tok han dei inn til seg, la hendene på
dei og velsigna dei»* Markus 10,16.



Utsnitt av glasmåleri i Vikebygd kyrkje

Giro for bladpengar ligg inni bladet!



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3243 05 05202
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen

Tlf. 52 76 73 82, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest/fengelsesprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Presten har ordet

ved sokneprest Sigrunn Hagen Arnesen



Bibelen: Verdens beste og mest leste

Mange har fått ei fornøy interesse i å lesa Bibelen i ei ny språkdrakt. Kanskje du og er ein av dei. 11 åringane i kommunen har dei siste vekene fått sin eigen Bibel. Fleire av dei er på weekend for å bli betre kjent med Bibelen, Guds ord.

Bibelselskapet som har gitt ut vår Bibel hjelper og bibelselskap i andre land. I år har dei fokus på Bibelen til Etiopia kor det er stor interesse for Bibelen. Landet har mange folkeslag som talar ulike språk. Omsetjing til lokale språk blir viktig og hjelp til å halda prisane nede slik at dei fattige og kan få sin Bibel. Verda har vore vitne til sultkatastrofa på Afrikas horn. I ei slik tid er det mange munnar å mette, kroppar som treng varme og sjeler som treng næring og håp. Kyrkjene i Etiopia er aktivt involverte i naudhjelpsarbeidet og bibelselskapet i Etiopia hjelper kyrkjene med å gi bodskapen om håp. Bibelen er med på å gi håp og tru på livet.

Bibeldagen er knytt til Såmannssøndagen kor tekstane handlar om å så, å så Guds ord. (Mark 4,26-32) Jesus talte ofte i likningar med tema frå folks kvardag. Såmannen var eit kjent bilet. Såmannen var raus, han sådde ut kornet sitt:

-Noko falt attmed veggen, vart nedtraka og fuglane kom og åt det

-Noko falt på steingrunn, visna fort, fekk ikkje vatn

- Noko falt blant klunger og tornar, dei kvelte kornet, det blei kamp om plassen.

- Noko falt i god jord. Det blei arbeidd godt ned i jorda og det gav hundre foll, dvs eit korn gav 100 korn.

Men disiplane som var med Jesus måtte den gongen ha ei forklaring på det han fortalte. Dei får høyra noko av Guds rikes løyndomar.

Såkornet er Guds ord. Jorda såkornet kjem i er vårt hjarta. Orda gjere noko med oss. Såkornet er Guds gjerning i oss og ved oss.

Vårt såmannsarbeid er å så Guds ord, og det vil bera frukt og gi rik grøde i si tid. Me som har tilgang til å lesa og å høyra Guds ord har kanskje gløymt noko av Guds rikets viktigaste løyndom, nemleg at: "Fell ikkje kveitekornet i jorda og dør, er og vert det berre eitt korn. Men dør det, gjev det stor grøde." (Joh 12:24) Blir det ikkje sådd, kjem ikkje ordet vidare. Det vil stoppa opp. Bibellesing vil alltid vera eit møte, eit møte med Ordet, eit møte med Jesus. Bibelen, Guds ord, gjer menneske nytt liv og nytt håp. Derfor fortsett me med vårt såmannsarbeid i heile verda gjennom alle som er villige til å dela ordet om Jesus med andre. Ei oppgåve me kan vera med på, på kvar vår måte. Guds ord har spirekraft. Lukke til med å så Guds ord i din kvardag!

Bladpengar!

Takk vera at mange valde å betala kontingent for bladet i 2011, har vi kunna gje ut 6 nummer til alle husstandar i kommunen. I tillegg er bladet sendt til over hundre utflytta Vindafjordingar som har tinga bladet. Nå oppfordrar vi alle å stø kyrkjebladet Hyrdingen ved å nytta vedlagde giro og betala inn kr 250,-. Ynskjer nokon å betala eit anna beløp så kan ein retta beløpet. Kontonr.: 3243.05.05202. Tusen takk.



Av Steinar Skartland

På veggen i stova mi heng ei klokka. Pendelen svingar rytmisk. Først til eine sida – så attende. Så lenge eg dreg opp loddha held han fram med å svinga. Kanskje er det slik og med tida vi lever i? Tankane mine vandrar bakover i tida, til slik det var før. Til tida før oljealderen gjorde sitt innslag. Vi reiste ikkje så langt på ferie, om vi i det heile tatt reiste. Få var det som hadde bil og hesten var ennå mykje i bruk. Men til kyrkje og gudsteneste, der for dei fleste. Bertil Skogen hadde eit overbygg med busseter opphengd i eit stativ utanfor huset. På søndagane vart det festa på lastebilen hans og kyrkjesskyssen var på plass. Folk klatra opp ein stige bak og banka i ruta inn til færarhytta når han skulle stansa.

Mange møttest og deltok i kyrkja, i bedehus og stemner. På Lundeneset var det storstemne ein gong kvar sommar. Bakkanne nedover mot sjøen vart fulle av parkerte bilar og folk samla seg på pledd ute på plenen fordi det ikkje var rom for alle inne i møtesalen. Dei gjekk ”mann av huse”. Høgtalarar i bjørketrea gjorde at alle kunne høyra.

Men tida har skifta. Sjølv om mest alle har bil og lett for å koma seg fram er det god plass på parkeringsplassane ved kyrkja, og inne er det romsleg. Det er færre som kjenner trangen for å søkja fellesskap om Guds ord og å bøya hovudet i bøn.

Kan samfunnet liknast med veggklokka? Slik klokka treng kraft frå loddha som heng under den, slik treng pendelen i samfunnet vårt og kraft. Ei kraft som kjem ved at folk tek tid til å tenkja på naboar og slektningar og nemna namna deira i bøn. Eller tar turen innom for å høyra korleis det står til i dag.

”Det er makt i de foldede hender” står det i ein songtekst. Med denne trua sender vi kyrkebladet Hyrdingen ut til alle heimar i Vindafjord på ny. Bakerst kan du lesa kor det er gudstenester og møter. Du er velkommen til desse samværa, sjølv om du ikkje tek turen så ofte. Takk til deg som betalar inn friviljuge bladpengar med giroen inni dette bladet. Då kan vi framleis senda Hyrdingen gratis til alle med påminning om møte og aktivitetar i kyrkje og bedehus. Kjenn deg velkommen.

10 års jubileum på Kyrkjetunet

13. – 22. april er det jubileumsveka på Kyrkjetunet i Ølen. Då er det 10 år sidan Kyrkjetunet vart opna. Det blir eit variert program denne veka.

Den første helga i jubileumsveka får vi besøk av **Gunnar Hamnøy**. Gunnar Hamnøy er frå Sunnmøre. Han har reist som forkynnar og prosjektarbeidar i NLM i over 40 år. Sjå heimesida hans for meir informasjon: <http://www.hamnøy.no/>

Hamnøy skal dele ifrå sine mange spennande reiser fredag 13. april. Han blir med på sjølvje **jubileumsfesten laurdag 14. april**, og han blir også med oss søndag 15. april.



Onsdag 18. april kjem **Martha og Edgar Paulsen**. Dei har vore på Kyrkjetunet tidligare og vi gler oss til igjen å få besøk av Martha og Edgar. Dei blir med oss resten av jubileumsveka.

Sett av denne jubileumsveka allereie no! Detaljert program kjem når det nærmar seg. Kanskje kjem det nokre overraskinger...?



Vandring i fasten

Utvalet for pilegrim og retreatarbeid i Nordre Ryfylke prosti vil igjen invitere til vandring.

Denne gangen skal vi ikkje vandra i Guds frie natur, men vi inviterer deg til **ei «bønevandring» i Ølen kyrkje onsdag 29.febr. kl.20.00.**

«Brødet frå Himmelten» er temaet, og vår bøn er at Han som sa om seg sjølv at han er livsens brød, vil komma og gå med oss.

Så gjeld det for oss å vera tilstade, med kropp og sjel, sinn og sansar, og at vi med frimod tør å rekka våre tomme hender fram, klare til å gripa det «ubegegripelige».

I ei fastetid der vi har så rikeleg av det jordiske brødet, treng vi å stansa opp og

spørja, kva med «Brødet frå Himmelten»?

På vandringa i kyrkjerommet, er det dette brødet du blir tilbydd.

Det er vår bøn at «brødunderet» må skje i vår hjartans øydemark, at det må verha eit heilagt møte mellom vår avmakt og Guds allmakt. At vi alle må få ta imot dette brødet, som er Jesus sjølv, og bli metta. - Ja, kanskje blir det noko til overs også så vi har noko å gje vidare?

«De skal gje dei mat», sa Jesus. Det er Jesu tilbod og utfordring i denne fastetida.

Så tar Han det vesle vi har og velsignar det, slik at det blir mat til dei mange!

Ingerid Aadland

Konfirmantane i Vindafjord går med bøsser 27. mars

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2012

Dei livsviktige grønsakene

Catarina Ramirez er takknemlig for grønsakene som veks i drivhuset. Støtta frå Kirkens Nødhjelp er grunnen til at hun kan gi dotrene næringsrik mat og viktig skulegang.

- Vitaminer, bryt Catarina ut og smiler nøgd. Ho og dottera Anabella har akkurat plukka korga full av fargerike paprika. I det karrige landskapet 2500 meter over havet er det grenser for kva som vil gro. Tørke to år på rad har ført til at store avlinger har gått tapt og prisen på matvarer som vert selde på marknaden har skote i været.

- Eg er ofte uroa for kor eg skal få pengar til mat frå. Det er augneblink kor eg ikkje har nokon ting. Då ber eg til Gud, fortel Catarina. Det høgaste ynskje hennar er å gje dotrene Anabella (14) og Marta (11) skulegang og utdanning. – Utan utdanning kan ein berre få jobb som vaskehjelp for familiær med pengar. Eg vil ikkje at dotrene mine skal lide same skjebne som meg. Med ei utdanning har dei rettar i samfunnet og dei kan få en ordentlig løn, seier den tapre mora. Ho fortel at skulegangen er gratis, men at gymtøy, skrivesaker og uniform må familiane betale sjølv.

Underernæring eit stort problem
I Guatemala er 60 % av innbyggjarane i landet urbefolking, av mayaavstamming. I 1996 vart ei rekke fredsavtalar underteikna etter ei over 30 år lang og blodig væpna konflikt kor urbefolkinga leid ei

hard skjebne. Gjennom CIEDEG, ei sammanslutning av protestantiske kyrkjer i Guatemala, jobbar Kirkens Nødhjelp blant anna med støtte til sårbare grupper.

- Underernæring er ei stor utfordring mellom mayabefolkinga, fortel Hugo Garrido, leiar i CIEDEG. Organisasjonen har gjennomført undersøkingar som viser at mange born lid av mangelsjukdomar og har svak helse på grunn av einsidig kost og for lite mat. - Nokre av desse problema stammer frå dagane med konflikt då mange vart jaga på flukt og måtte busetja seg i områder kor dei ikkje hadde kunnskap om jorda dei dyrka. Kombinert med uføreiseleige tørke- og regnperiodar har mange menn flykta til byene for å finne arbeid, medan kvinnene blir igjen på landsbygda med ansvaret for familien.

Friske grønsaker i drivhus

Derfor har CIEDEG starta kvinnegrupper kor det vert gjeve opplæring i bærekraftig jordbruk og støtte til å byggja drivhus. Catarina er ei av kvinnene som deltar i prosjektet. I drivhusa veks nå grønsaker som elles ikkje gror i høgda. Grønsaker som gjev livsviktig næring og sårt tiltrentg inntekt.

- For en stund sidan plukka vi 120 agurkar i drivhuset, fortel Catarina. Sidan vi er seks familiær som deler, vart det 20 agurkar på kvar. Vi har også tomatar her. Den første avlinga fikk vi ikkje til, men den neste ga omlag 30 kilo. Den vesle kvinna smiler breitt. Ho er stolt. Ho treng ikkje lenger utoa seg for korleis ho skal skaffa pengar til å kjøpa grønsaker på marknaden. Catarina har lært at bønner og mais åleine ikkje er tilstrekkeleg kost for tenåringsdotrene. – Dei treng vitaminer, seier ho og held frem korga med paprika igjen.

Grunntanken bak prosjektet er at grønsakene som kvinnene dyrkar i drivhus skal inngå i familién sitt kosthald. Eit eventuelt overskott kan seljast vidare og gi inntekt.

- Det gjev meg ei god kjensle å kunna ta vare på dotrene mine. Catarina er takknemleg for starthjelpa frå Kirkens Nødhjelp. - Nå støttar eg meg sjølv, seier Catarina nøgd.



Catarina og dottera

Undertekst: Catarina Ramirez frå Guatemala har fått startstøtte frå Kirkens Nødhjelp til å dyrka grønsaker i drivhus. Nå gjev ho dotrene næringsrik mat og tener pengar nok til at jentene kan gå på skule. Catarina trur ei framtid utan fattigdom er mogeleg. Her er ho saman med dottera Anabella (14). Foto: Laurie MacGregor/Kirkens Nødhjelp

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 25. - 27. mars

- Over ein milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tar menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon fokus på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempa for ei framtid utan fattigdom.

- Det er kyrkjelydane landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- Konfirmantane i Vindafjord arrangerer bøsseaksjon på ettermiddagen den 27. mars. Ta vel imot ungdomane når dei kjem på døra med bøsser.

- Pengane som vert samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda.

- Du kan støtta aksjonen direkte ved å

- Nytt kontonummer 1594 22 87493

- Senda ein sms <KN200> til 2090 (200 kroner)

- Ringe gjevartelefon 820 44 088 (200 kroner)

STØTT
Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012

Send SMS <KN200> til 2090 (200 kr) eller ring gjevartelefon 820 44 088 (200 kr)
eller benytt kontonummer 1594 22 87493

KIRKENES NØDHJELP
alliance

Gunnvor Feed presenterer «Min song»: «Det er makt i de foldede hender»

For omkring femti år sidan lytta eg trufast på ønskekonserten. Det var der eg hadde mi store musikkoppleveling i den tida! Sjølv likar eg svært godt å høyre solistar, og når ein er ung er ein mottakleg for det meste. Det flottaste eg høyrd var når svensken Lage Wedin song :”Det er makt i de foldede hender”. Songen er ein av Trygve Bjerkheims mange. Lage Wedin hadde ei nydeleg stemme som gjekk rett inn hjå ungjenta. Etter kvart fekk orda i songen også meinинг.

Denne songen har følgt meg heile tida etter det. Songen gir rike løfter. Vi kan be og då er vi sterke. Kva er det å be? Då eg var lita lærte eg at å be var å tala med Gud i hjarta sitt. Ingen kan hindra oss i vår bøn. Vi kan be inni oss, vi kan be høgt, vi kan ropa til Gud eller vi kan berre sukka. Gud høyrer alltid.

Vi kan be for og med kvarandre til alle tider og i alle situasjonar. Vi kan vera fleire saman eller vi kan be åleine. Vi kan alltid be. Ingen kan kontrollera bønene våre og ingen kan hindra oss. Vi kan be



Gunnvor Feed

om kva som helst når som helst. Bønene våre kan også vera takkebøner.

Fins det noko flottare å sjå enn to små barnehender som er folda eller eit par gamle arbeidshender?

Jesus lærte oss sjølv å be Fadervår. Det står også fleire stader i Bibelen at Jesus ba og det er mange løfte knytta til bøn.

Skulle vi då ikkje nyttja oss av den bøneretten Gud har gitt oss og la det vera ”matstasjonar” i liva våre!

Det er makt i de foldede hender,
i seg selv er de svake og små.
Men mot allmakten Gud du dem vender:
Han har lovet at svar skal du få.

Kor:
Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer; det fram dog skal nå,
for det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg
og du hjelpen skal få!

Du som ber for ditt barn, dine kjære,
er i forbøn fra år og til år,
Om du tålmodets lekse må lære,
himlens bønnesvar engang du får.

Det er makt i de foldede hender
når i Frelserens navn du får be.
Og engang, når du livsløpet ender,
hvert et bønnesvar klart skal du se.

Av Trygve Bjerkheim

Juletrefest: Eide Bedehus Sandeid

Den årlege juletrefesten på Eide bedehus blei også i år arrangert 1. nyttårsdag. Denne festen har nå vært arrangert i snart 90 år. Det gamle bedehuset har nå berre 2 arrangement i året. Det er den årlege bedehusbasaren i oktober og juletrefesten 1. nyttårsdag.

Eidsbuen går ”mann av huse” for juletrefesten. Det er kjekt å treffene naboane og ønska kvarandre godt nytt år, og gå rundt juletre og eta skjeva med egg og sild i kjellaren.

Det var vel 50 stk som var på festen i år. Det er særskjekt å sjå dei unge som har flytta vekk, men er heime på juleferie, som kjem og har med seg familien. Det måtte 3 ringer til rundt juletre for at alle som ville skulle få plass.

Komitén har kvart år med seg årets konfirmanatar frå bygda. I år var dei 2. Dei har sine faste oppgåver.

Festen startar alltid med gang rundt juletre, og julesongane vert sunge ein etter ein. Ungane liker best dei med litt fart i. Så var det underhaldning. Kate Evelyn og Alette spelte piano og gitar, og song son-



gen: ”Ei stjerne Skinner i natt”. Dei hadde med seg Anbjørn på songen: ”Tenn Lys”. Kjempefint! Så var det andakt ved soknepresten vår Harald Eintveit. Etterpå går alle i kjellaren der kaffiborda er dekkja. Skjeva med egg og sild må me alltid ha, kringla og heimelaga kakemennar. Drøsen går høgt når dei fleste av Eids-buen er samla. Det vert nok diskutert og løyst nokre verdensproblem denne kvelden... Etter maten er det ny gang rundt juletre. Så bankar det på vindauge og dører og 2 nissar dukkar opp til stor begeistring for dei fleste. Man-

darinar vert delt ut til alle og ungane lurer fælt på kven nissane er ...

Festen vert avslutta med at alle står rundt juletre og syng: ”Deilig er jorden.” På Eide er me glade for juletrefesten vår og ser at det er ikkje mange igjen av denne typen. Det er viktig å halde på gode ”gamle” tradisjonar og gje dei vidare til våre ungar. Me vil berre anbefale andre bygder som ikkje har juletrefest å starta opp med det!

For Eide bedehus,
Ranveig L. Mattingsdal

PORTRETTET

Aslaug Vårvik

“Velkommen inn, her skal du få på deg eit par varme innesko så du slepp å frysja på føtene.” Det var desse orda redaksjonsmedarbeidaren i Hyrdingen vart møtt med då han kom for å få eit intervju med Aslaug Vårvik, ei strålende dame med eit ungdomsleg sinn og ein hjartevarme som strøymer mot deg. Men Aslaug er ingen ungdom, ho nærmast seg 87 år, og mange tunge tak har ho teke opp gjennom åra. Å hjelpe andre utan tanke for eigen bate har vore eit livsprinsipp som ho har fått med seg frå barndomen av. Dugnadsarbeid og det å vera der det var trøng for ein har prega livet hennar på mange måtar, og særleg har dette kome til uttrykk i misjonsarbeid og diakoni, men også i familielivet.

Barndomsheimen

Aslaug er fødd i Vaskevik i Nedre Vats. Som jente skreiv ho Aslaug Stokland, men ho presiserer at det er Vaskevik staden heiter. Stokland vart det offisielle etternamnet i slekta, men dette er ei anna sak. Garden eller småbruket som tidlegare var ein husmannsplass under Stokka, ligg på austsida ute i Vatsfjorden om lag 3 km frå kaien i Åmsosen. Fram til 1956 var det ikkje veg til garden, og det var svært tungvint å ta seg fram den siste kilometeren. ”Det var å bera med seg flaggermuslykt i skumring og mørke og nærast klatra seg fram på dei verste stadane for det var ikkje råd til å køyra med hest ein gong,” fortel Aslaug. Skulevegen gjekk i motbakke opp til Stokkedal skule, og han var både lang og tung. Garden var tungdriven og arbeidsinnsatsen stor.

Oppvekst og ungdom

Aslaug vokste opp i ein syskenflokk på 9, fire gutter og 5 jenter. Ein gut døydde då han var 2 år slik at det var 10 i alt. Aslaug var den eldste, og det seier seg sjølv at det kunne ikkje verta noko overflod i familien med så mange munnar å metta på eit småbruk.

Den første store utfordringa hennar var skulegonga til Stokkedal skule. For ei småjente var ikkje dette så lett. Det gjekk med ein time og eit kvarter før ein var framme. Fottyet var heimelaga tunge tresko som var slik laga at dei skulle halda lenge. Når det var ruskevær og/



eller snøen låg djup, måtte faren følgja henne, for det var to bekker dei skulle over. Sokkebyte hadde ho alltid med seg.

Ho måtte tidleg læra seg å hjelpe til i heimen. ”Då eg skulle konfirmerast, måtte me låna pengar til konfirmasjonsklede”, fortel ho. Konfirmasjonsopplæringa var i kyrkja i Skjold, men noko bilskyss frå Åmsosen til kyrkja i Skjold var det ikkje på den tida. Sykla kunne ho ikkje. Dette lærde ho ikkje før langt ut i ungdomen ettersom det ikkje var nokon veg der ho vokste opp. Så var det til å gå frå Vaskevik over Tørsdalen til kyrkja i Skjold, ein tur som det kunne ha vore skrive meir om, men dette får me la liggja. Det som må minnast er at ho på store strekningar av denne vegen gjekk berrføtt for å spara på skoa.

Etter konfirmasjonen måtte Aslaug ut i teneste. Fyrste arbeidet ho fekk seg var på telefonstasjonen i Vats. Her utførde ho ymse arbeid frå å gå med telefonmeldingar (det var ikkje så mange som hadde telefon på den tida) til å bera på vatn. Ho budde på telefonstasjonen, og det var utruleg mange vassbøtter som skulle

berast inn. Men mykje av vatnet skulle ut att, og det vart mange 15 l bøtter ned gjennom trappene.

Arbeidet på telefonstasjonen varte i 2 – 3 år. Deretter var ho oppe i Liå (Øvre Vats) i fleire periodar. Dette var i krigsåra, og då minnест ho at tyskarane klappa henne på ryggen og ville kjøpa egg, men det vart ikkje selt noko egg til tyskarane, og dei måtte slå seg til tols med det. Ellers hadde ho huspostar ymse stader både i Haugesund og Vats. Noko utdanning vart det ikkje høve til, men ho gjekk på eit sykurs.

Giftarmål

I 1949 vart Aslaug gift med Bernt Vårvik. Dei pakta først gard på Eikanesstranda, deretter budde dei på Tjeltveit i eit gammalt hus. Her arbeidde Bernt ei tid i skogen, og Aslaug hugsar godt då dei stod i kvar sin ende av bogasaga og skar ned tre. Seinare pakta dei gard i Gjerdedalen, og Bernt arbeidde også ei tid som kontrollør hjå bøndene. Ho måtte hjelpe til på gardane for Bernt var ofte sjuk. Det viste seg at han leid av Bechdrew sjuk-

dom, og dermed fall det mykje arbeid på Aslaug så vel ute som inne. Ho hugsar godt all potetkokinga til husdyra i bygda og alt strevet med dette.

Den første guten deira kom i 1953, og det vart 4 guitar i alt. I 1954 flytta dei inn i nytt hus nokre hundre meter frå kaien i Åmsosen, og her bur Aslaug framleis. Bernt døydde i 1981.

Misjons-, diakoni- og bedehusarbeid

Alt medan Aslaug gjekk på folkeskulen bestemte ho seg for å verta ein kristen. Bedehuset vart ein sentral stad for henne, og ho kom tidleg med i misjonsforeininga. Ho hugsar svært godt misjonsbasarane på det gamle skulehuset på Stokkedal og den tida då det var foreining på gardane oppover Stokkedal. Basaren var alltid om hausten då det var måneskin slik at det ikkje skulle vera så mørkt å gå. Når det var foreining på Stokkedal, fylgte ein skuleskyssen opp, og så var det til å gå heimatt.

Då misjonsmessene starta opp utover bygdene var det heilt naturleg for Aslaug å vera med, og ho har lagt ned mykje arbeid for misjonsmessa for Skjold og Vats opp gjennom åra.

Aslaug fekk tidleg interesse og godhug for gamle folk. Ho var innom sundagsskullearbeidet, men ho fann seg best til rette med dei eldre. Nyleg fekk ho årets omsorgspris (2011) frå Vindafjord kommune for frivillig arbeid på Vindafjordtunet i 30 år. I tillegg har ho vore aktiv til å besøkja dei gamle i bygda.

Det må og nemnast at Aslaug var friviljig medhjelpar på kjøkken på Stemnestaden på slutten av 1970 og på 1980-talet. I bedehusstyret på Kårhus har ho vore med i lang tid, og mange tilskipningar og serveringar har ho vore med på. Før vegen til Vaskevik kom var det til å traska og gå til bedehuset og kyrkja på Kårhus, ein tur på om lag ein time.

Det vil føra for langt å rekna opp alle stadene der ho har hjelpt til og vore til glede for andre. Ho er av den typen som ikkje seier så mykje, men som i gjerning viser det gode sinnelag og vilje. Dette er gjennomsyra av det kristne livssynet hennar, og då medarbeidaren frå Hyrdingen spør om ho har funne styrke i noko bibelvers for det ho gjer, trekkjer ho fram orda frå Jes. 41,10:

"Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill i kring, for eg er din Gud! Eg styrkjer deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand"

Trygve Sandvik

Vågen bedehus 100 år: Jubileumsfeiring med fullt hus og feststemning

Vågen bedehus vart vigsla den 10. desember 1911. Hundre år seinare, den 3. desember 2011 kunne styreleiar Oskar Feed ønskje velkommen til stor jubileumsfest. Og bygdefolket, born, unge og eldre, fylte huset til randen. Det vart ei minnerik feststund med tale, helsingar og tilbakeblikk på dei 100 åra. Og me må ikkje gløyme festmaten med grytereitt og fløytekake.

Festtalar var Johnn R. Hardang som til dagleg er leiar av P7 Kristen Riksradio. Han tok utgangspunkt i bibelen si likning om mannen som hadde hundre sauar, men som mista den eine. Då sette han i gang ein leiteaksjon for å finne den eine. Jesus er den som går ut og leiter etter det eine mennesket som har gått seg bort, sa han. Med dette var han inne i ei hovudoppgåve for bedehuset: å leite opp den som er gått bort frå Jesus.

Ved eit jubileum er det vanleg med gåver og helsingar, og det vanka fleire slike, frå kommunen, frå Lundeneset, soknepresten, Indremisjonen, Misjons-sambandet og Kyrkjetunet. Elles vart jubileumsboka, som er redigert av Arne Borgemyr og Kåre Berge, presentert.



Talar på festen var
Johnn R. Hardang

Her kan ein lese sitat etter Thomas Lunde frå festen for hundre år sidan: *Og den dagen står so livande i mitt minne, eg ser alle ældre menner i krinsen samla kring bordet der burte i kråno. Det var Espelandsbrørne, Favnabøbrørne, Paul og Reinert og fleir: Gleda over det nye bedehuset lyste ut frå deira andlet.* Hundre år seinare var gamle og unge igjen samla rundt festbordet og mintest med takk fedrane som bygde bedehuset!

Jubileumsfesten vart ein stor inspirasjon for alle som var var til stades.

AB



Det var eit fullsett bedehus på 100-årsjubileet.

Årsmøte for Vågen bedehus

Sundag 22.01.2012 var det årsmøte for Vågen bedehus. I samtalens om arbeidet vart spørsmålet om tomt for nytt bedehus drøfta. Det vart bestemt at styret peikar ut ei arbeidsgruppe til å arbeide

vidare med dette.

Etter vala er styret samansett slik: Oskar Feed (leiar), Eivind Hetland, Gurine Fosse, Mette Voll og Vidar Berntsen. Geir Ivesdal er 1. varamann til styret.

Invitasjon fra Israelsmisjonen

Styret for Stavanger krets av Den Norske Israelsmisjon (DNI) inviterer alle israelsmisjonsvenner til områdesamlinger i ukene 9-10-11-12- 2012! Målet med disse er å inspirere hverandre til ny giv i misjonsarbeidet!

Alle som er med i en DNI-forening, personlige medlemmer, bygdekontakter, bedehuskontakter, menighetskontakter, alle tidligere ansatte, og alle andre som er interessert i Israelsmisjonen og Return2Sender, er hjertelig velkommen! Alle menighetene der DNI har samarbeidsavtale, er særlig inviterte, enten det er fra menighetsrådet, misjonsutvalget, og/eller de ansatte. Selvagt gjelder dette

enhver menighet, selv om det ikke foreligger samarbeidsavtale med DNI.

Misjonssekretæren og noen fra kretsstyret vil delta på alle åtte samlingene.

Vi skal presentere satsningen på DNI-ambassadører, og noen av de mange utfordringene vi har i arbeidet hjemme og ute, og vi skal ha en god økt til samtale over en kopp kaffe. Alle møtene er fra kl 1900-2130.

Du velger selv hvilket sted du vil være med, men vi har delt inn fylket slik, med tanke på reisetid og reiselengde:

-29. februar Sandeid bedehus, for Vindafjord kommune

-01. mars Aksdal kirke, for Utsira, Karmøy, Haugesund, Bokn og Tysvær kommuner

Omtrent en måned senere inviterer vi til kretsårsmøte i den nye kirken på Nærø; søndag 15. april. Det starter med guds-tjenester både i Nærø, Ogsa og Varhaug kirker kl 1100, deretter årsmøte med servering, forhandlinger, bibeltime, foredrag frem til ca kl 1800. Gjest og hovedtaler: Generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann.

*Paul Odland,
misjonssekretær Israelsmisjonen
stavanger@israelsmisjonen.no*

Finansiering av stilling som kyrkjelydsmedarbeiter i kyrkja i Vindafjord

Pr. nå har me fått lovnader frå private givarar, kommune, lag og organisasjonar som dekker 40% av ei full stilling.

Me håpar du og kan vera med å gje ditt bidrag gjennom fast gjevarteneste eller gi enkeltgåver så me kan få styrka arbeidet blant barn, unge og familiar i kyrkjelydane i Vindafjord.


Du kan melde deg som givar på e-post til karivik@stuhaug.no eller sjå www.hyrdingen.no for meir informasjon og utfylling av givarslipp.

Du kan også kontakta ein i soknerådet der du bur for meir informasjon.

Kr. 200,- mindre pr. månad gjer kanskje ikkje så stor forskjell for deg, men når mange gjev dette til sammen har vi snart fått finansiert ei stilling.

*Finansieringskomiteen
Felles utval for trusopplæring*

Finansieringsbarometer Kyrkjelydsmedarbeiter i Vindafjord



Pr. 22. jan. 2012

Kontonr.: 3240 07 61573

50-års konfirmantar Bjoa



Etter gudstenesta på helgemessesøndag med nattverd og dåp ved sokneprest Johannes Nedrelied, var me samla til festmid dag på drøsestova "Buo". Her hadde me ei koseleg ettermid dagstund saman, der med fortalte litt om oss sjølv og om kvar andre saman med presten. Dette var så kjekt, at me vurderer å treffast att neste år også ??

På bildet ser ein frå venstre i fremste rekke: Anne Turid Hett land Hegerland, Anne Karin Sandvik Stensen, Margit Steins land Kristoffersen, Liv Helene Dalen og Ellinor Tindeland Bauge.

Bakarste rekke frå venstre: Kjartan Innbjo, Lillian Svalland Stakkestad, Helene Magrethe Svalland Nissen-Meyer og Kristian Ingvall Hauge.

50-års konfirmantar i Vats



Bak frå venstre: Sokneprest Bjarne hjelvik, Bjarne Gunnar Stokland, Johanna Skrunes Hattestad, Ester Brynhilde Innvær Solland, Aslaug Utåker, Kari Lærdal Espvoll, Gudrun Karine Sandvik Larsen, Torunn Eikje Jønsson.

Ikkje til stades: Norvald Ingvar Nygård, Marton Sørhus og Inge Åserød.

Døde: Torkel Røgenes og Paul Karsten Hjorteland.

Vikedal sokneråd



1. rekke: Lillian Eikeland, Inger Olaug Sandvik, Herdis M. Pedersen, Bjørg Ågårdt Djuvik, Bjørg Gunn Opsal
2. rekke: Harald Eintveit, Andreas Rosså, Geir Torkil Roaldkvan.

Imsland Sokneråd



Frå venstre: Framme: Sokneprest Harald Eintveit, Anne Marie Håvardsen, leiar Jolaug Sæle Kaldheim. Bak: Theodor Imsland, Ingrid Marvik, Borgny Jofrid Hustoft og Judit Kringlebotten Rønnevik.

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted
TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

SAMLIVSKURS

SKJOLD KYRKJE
LØRDAG 10.MARS

Seminar om forståing og vidareutvikling av
samspel i parforhold og familie

Kl 11.00 - 16.00: Seminar om forståing og vidareutvikling
av samspel i parforhold og familie.


Kl 19.30: "Romantisk aften"
Inspirator og foredragshaldar: Ole-Magnus Olafsrud

Pris:
Heile kurset: kr. 500 (par)
Seminaret: kr 200 (par)
"Romantisk aften": kr. 300 (par)
Pris inkluderer lunsj, og middag på kvelden.

Påmelding innan 26. februar til kyrkjekontoret i Skjold:
Tlf. 52 76 73 83 eller:
martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Arr: kyrkjelydane i Skjold og Vats

GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døpte:

11.12. Lars Amundsen,
11.12. Anne Marie Nielsen Dagsland
15.01. Ada Rørtveit
15.01. Eline Namdal Tokheim

Vigde:

21.01. Heidi Mårtensson og Åsmund Kringeland

Døde:

22.11. Marta Reinhilde Moldesæther f.1919
02.12. Kristine Vik f.1917
19.12. Ingrid Tordis Waraas f.1917
20.12. Anny Marie Rullestad f.1931
30.12. Einar Magne Emberland f.1939
02.01. Olaug Endrine Sundfør f.1924
08.01. Lars Susort f.1915

VATS

Døpte:

20.11. Astrid Eskeland,
20.11. Edvard Eiken Ohm
27.11. Milla Lundegaard Eikjeland,
27.11. Martin Lundegaard Eikjeland,
27.11. Åsmund Kalstveit Sjurseike
26.12. Rannveig Marie Innvær Østebøvik

Vigde:

30.12. Merete Skrunes og Tommy Haraldseid

Døde:

06.01. Elisebet Haugen f.1921
27.11. Bente Haraldseid f.1962

VIKEDAL

Døde:

04.01. Liv Helga Staknes f.1947

IMSLAND

Dåp:

25.12. Ole Andreas Holten Leifsen,
25.12. Oliver Marvik Johansen

SANDEID

Dåp:

22.01. Malin Solberg,
22.01. Sikke Johansen,
22.01. Oliver Blikra Huse,
22.01. Leander Håkull-Apeland

Døde:

05.01. Per Moland f.1927
21.01. Osmund Østebø f.1934

ØLEN

Døpte:

09.10.2011 Peder Hundhammer
20.11.2011 Natalie Marie Susegg Berge
20.11.2011 Victoria Heggebø Sandsgård
27.11.2011 Robin Aaserød Solvang
22.01.2012 Amalie Søndenå
22.01.2012 Alide Vinjerui Vaka

Døde:

05.11.2011 Sigmund Henry Svendsen
10.11.2011 Tørres Sydnes
05.12.2011 Lilly Marie Åbø Fagerheim
19.12.2011 Olga Amanda Haugen
02.01.2012 Kari Anlaug Vatna

BJOA

Døpte:

06.11.2011 Oscar Hamre Tindeland
06.11.2011 Elida Skålnes Solheim
04.12.2011 Lydia Carnerö
04.12.2012 Maja Elvira Rødne

VIKEBYGD

Døpte:

20.11.2011 Elisabeth Tyssebotn Svendsbøe

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Vikebygd bedehus

9. februar	11:00	TrippTrapp
16. februar	19:30	Gladsgong. Georg Kallevåg. Indre sjøm.m
18. februar	15:30	Laurdagklubben
1. mars	19:00	Filmkveld for alle
3. mars	15:30	Laurdagklubben
8. mars	11:00	TrippTrapp
15. mars	19:30	Gladsgang, Eli Kolstad, Indremisjonen
17. mars	15:30	Laurdagsklubben
30. mars	19:00	Basar m/årsmøte for bedehuset

Blikrabygda bedehus

23. februar	19.30	Årsmøte Blikrabygda bedehus. Årsmøtesaker. Servering.
-------------	-------	--

Kyrkjjetunet

9. februar	19.00	Årsmøte
22. februar		Israelskveld
1. mars	11.00	Torsdagstreff
4. mars	16.00	F-16 SHOW IT
7. mars		Misjonsmøte v/ NLM
15. mars		Møte v/ Norsk Gideon
22. mars		Kvinneforum
25. mars	16.00	F-16 SHOW IT
28. mars	16-17	Hyggetreff på Kyrkjjetunet

Vanleg møtetid er 19.30 dersom ikke anna er nemd. Sjå elles www.kyrkjjetunet.no

Øvre Vats bedehus

15. februar	19.00	Årsmøte. Rekneskap, årsmelding og val. Andakt, mat og kaffi. Alle velkomne.
23. mars	19.30	Basar for Normisjon. Andakt. Åresalg. Mat og kaffi . Alle hjartelig velkomne. Arr.Kvinneforeninga "Ljosglint" for Normisjon

Vågen bedehus

8. februar		Bønnemøte
10.-12. februar		Møtehelg v/ Jens Tveit.

15. februar

26. februar

29. februar

3. mars

4. mars

7.-11. mars

7. mars

14. mars

15. mars

18. mars

21. mars

25. mars

30. mars

BASAR- sjømannsmisjonen.

SØNDAGSKAFE.

Bønnemøte.

Song og Musikk kveld.

Delekveld

Møteveke NLM v/Steinar Harestad

er møte på Kyrkjjetunet

BASAR IMS

Haldis Reigstad på Lvs.

SØNDAGSKAFE.

Bønnemøte.

Søndagsmøte.Normisjon. Tale v/Kørner Høie.

Bønnemøte

Kårhus bedehus

12. februar

26. februar

27. februar

29. februar

11. mars

16. mars

22. mars

25. mars

Søndagsskule

Søndagsskule

Årsmøte.

Temakveld v/ Kørner Høie

Søndagsskule

Bedehusbasar

Temakveld v/ Kørner Høie

Søndagsskule

Isvik bedehus

14. februar

6. mars

9. mars

27. mars

Samemisjonen

Den indre sjømannsmisjon

Basar/årsmøte

Israelmisjonen

Ersland bedehus

21. februar

13. mars

17. mars

Misionsselskapet

Misionssambandet

Misjonskafe

Austerheim bedehus

9. mars

20. mars

Basar Snøklokka

Misionssambandet

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesøndag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
12. februar Kristi forklarelsesdag Mark 9, 2-13.	Sandeid kl. 11,00 Takkoffer Bibelskapet Dåp. Nattverd. Konfirmantane møter.	Skjold kl 11.00 Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.	Ølen kl. 19.30 Kveldsgudsteneste med nattverd. Takkoffer til misjonsprosjektet.
19. februar Fastelavnssøndag Joh 12, 20 - 33	Vikedal kl. 11,00 Takkoffer Stavanger bispedømeråd Nattverd. Konfirmantane møter.	Vats kl 19.00 Tomasmesse med nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.	Vikebygd kl. 11.00. Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Haugesund
26. februar 1. s. i fastetida Matt 12,38-42	Sandeid kl. 16,00 Takkoffer diakoniarbeidet. Nattverd.	Skjold kl 11.00 Nattverd. Offer til Israelsmisjonen.	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Ungdom i oppdrag.
04. mars 2. s. i fastetida Luk 7, 36-50	Imsland kl. 11,00 Takkoffer konfirmantarbeidet. Nattverd. Konfirmantane møter. Årsmøte.	Vats kl 11.00 Nattverd. Offer til Himalpartner. Årsmøte.	Bjoa kl. 17.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer: NLA
11. mars 3. s. i fastetida Mark 9, 17-29	Eintveit, Åkrafjorden kl. 11,00 (Konf.leir). Familiegudsteneste	Skjold kl 17.00 G17-gudsteneste. Nattverd. Skjold barnekor. Offer til Navigatørane. Årsmøte.	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer: Misjonshøgskolen
16. mars			Ungdomsgudsteneste Lundeneset vgs. kl 20.30 Nattverd. Takkoffer: KRIK
18. mars 4.s. i fastetida Joh 3, 11 - 16	Vikedal kl. 11,00 Takkoffer Norsk kirke i utlandet. Nattverd.	Vats kl 17.00 Generasjonsgudsteneste. Nattverd. Barnas kyrkjestund. Offer til KN-Fasteaksjonen.	Vikebygd kl. 17.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Stefanusstiftelsen Årsmøte. Kyrkjekaffi.
25. mars Maria bodskapsdag Luk 1, 46-55	Imsland kl. 11,00 Familiegudsteneste Takkoffer kyrkjelydsarbeidet Konfirmantane møter.	Skjold kl 11.00 Familiegudsteneste. Offer til KN-Fasteaksjonen.	Ølen kl. 16.00. Familiegudsteneste. 6-åringar invitert. Takkoffer: NLM
01. april Palmesøndag Mat 26,6-13	Vikedal kl. 11,00 Familiegudsteneste Takkoffer trusopplæringsarbeidet Konfirmantane møter.	Vats kl 11.00 Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.	Ølen kl. 12.00 Friluftsgudsteneste i Vakadalen (parkeringsplass) Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden.

Årsmøte i kyrkjene: Dei fleste sokna arrangerer sine årsmøte for kyrkjene i februar og mars, sjå gudstenestelista. Årsmøtet i Vats kyrkje blir 4. mars etter gudstenesta kl. 11. Me håpar at mange vil nytt til høvet til søndags-bufé på Vindafjordhallen etterpå. Pris kr 200.



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 29. mars.
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 10. mars.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)